

ETNE KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: onsdag 15. februar 2023
Tid: kl. 12.00
Sted: Etne tinghus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 979
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at varamedlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

SAKLISTE:

01/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 14.11.22

02/23 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Tilpassa opplæring og spesialundervisning»

03/23 Årsmelding for kontrollutvalet 2022

04/23 Referat- og orienteringssaker 15.02.23

Ymse

Aksdal, 08.02.23

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (til orientering)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	15.02.23	01/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 14.11.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Etne kontrollutval 14.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll får møtet 14.11.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 14.11.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen skal godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 08.02.23

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Måndag **14. november 2022** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

MØTESTAD:	Etne tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.20
MØTANDE MEDLEMER:	Tollef Rullestad (Ap), Ragni Sunniva Fett (V), Nina Vierdal Vee (Sp), Kjetil Winterthun (Frp) og Øyvind Kaldheim (Krf) frå sak 23
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Rekneskapsrevisor Edith Sætrevik Forvaltningsrevisor Inger B. Hustvedt på Teams i sak 24
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunaldirektør Bjørn Tollefsen t.o.m. sak 23 Økonomisjef Filippo Ballarin t.o.m. sak 24
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 21/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.09.22****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 19.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.22:

Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.22:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 19.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 22/22 ORIENTERING OM BARNEVERNET V/KOMMUNE-DIREKTØREN

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunedirektøren om barnevernet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.22:

Kommunedirektøren orienterte om status for situasjonen i barnevernet. Det hadde vore eit krevjande år for avdelinga med auke i saker, fleire bekymringsmeldingar og redusert bemanning. Kommunedirektøren meinte avdelinga var betre forberedt for neste år med mellom anna ein nytilsett og fleire tilsette som kom tilbake frå permisjon.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna ny barnevernslov, turnover og budsjettssituasjonen.

Leiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.22:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunedirektøren om barnevernet til orientering.

SAK 23/22 TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEDIR. PÅ REVISOR SINE MERKNADER TIL REKNESKAPEN FOR 2021

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek kommunedirektøren si tilbakemelding på revisor sine merknader til rekneskapen for 2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.22:

Økonomisjefen orienterte og viste ein presentasjon. Han gjorde punktvis greie for administrasjonen si oppfølging av merknadane frå revisor. Kommunedirektøren kom med supplerande informasjon undervegs.

Revisor etterlyste informasjon om merknadene i revisjonsmeldinga. Kommunedirektøren opplyste at han hadde informert om forholda til formannskapet og kommunestyret, og at dei hadde vore nøgde med forklaringa.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå kommunedirektøren og økonomisjefen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.22:

Etne kontrollutval tek kommunedirektøren si tilbakemelding på revisor sine merknader til rekneskapen for 2021 til orientering.

SAK 24/22 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «KONTRAKTS- OG LEVERANDØROPPFØLGING»

Sekretariatet si innstilling:

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport om «Kontrakts- og leverandøroppfølging» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 3 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.22:

Forvaltningsrevisor Inger B. Hustvedt deltok på Teams. Ho gjorde greie for rapporten og viste ein presentasjon. Ho gjorde greie for føremål, problemstillingar og metode. Revisor gjorde vidare greie for hovudfunna i rapporten og kommunedirektøren sine kommentarar.

Revisjonen meinte kommunen hadde fleire område innan dette feltet som kunne forbeistrast og hadde formulert tri tilrådingar.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna omfanget av rammeavtalar, nytt avtalehandteringssystem og innkjøpsansvarleg.

Utvalet ønskte at kommunedirektøren kom med si tilbakemelding innan ni månader.

Leiar takka revisor for presentasjonen og ein nyttig rapport.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.22 og innstilling til kommunestyret:

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport om «Kontrakts- og leverandøroppfølging» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 3 tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 25/22 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektettil neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.22:

Medlemmene drøfta kva dei skulle velje no. Utvalet blei samd i å velja «Tilpassa opplæring og spesialundervisning», som var prioritert på fjerde plass i plan for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisor noterte seg innspel frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.22:

Etne kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» til neste møte.

SAK 26/22 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2023**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2023:

onsdag 15.02, måndag 22.05, onsdag 13.09 og onsdag 22.11 – kl. 12.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.22:

Utvalet slutta seg til framlegget til møteplan utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.22:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2023:

onsdag 15.02, måndag 22.05, onsdag 13.09 og onsdag 22.11 – kl. 12.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 27/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.11.22

34. Statusrapport pr. november 2022

35. Innkalling til ekstr.ord. generalforsamling 26.10.22 – Haugaland Kraft AS

36. Innkalling til representantskapsmøte 23.11.22 – Haugaland brann og redning IKS

37. Innkalling til representantskapsmøte 09.12.22 – Haugaland Vekst IKS

38. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 1. – 2. februar – sjå www.nkrf.no

39. «Fjernmøte må være fastsatt i reglementet» - Bernt svarer, Kommunal Rapport 03.10.22

Handsaming i kontrollutvalet 14.11.22:

Sekretær gjorde kort greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.11.22:

Referatsakene 34 – 39 vert tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 15.02.23 – kl. 12.00

Saker: tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» og kontrollutvalet si årsmelding for 2022.

Etne/Aksdal, 14.11.22

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.02.23	02/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» i samsvar med prosjektmandat dagsett 16.12.22 (med dei endringane som kjem fram i møtet).

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 250 timar.

Saksvedlegg: «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» – prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS, dagsett 16.12.22

Saksorientering:

Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 14.11.22, i sak 25/22:

Etne kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» til neste møte.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektplanen som er vedlagt saka. Revisjonen har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

Formålet med prosjektet er å undersøke korleis skulane, i samarbeid med PPT, arbeider med tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Revisjonen har utarbeidd følgjande problemstillingar:

- *Korleis fungerer prosessen frå det blir avdekka at ein elev har behov for ekstra støtte, til eleven eventuelt blir tilvist til PPT?*

- *Kva rutinar har skulen for å fanga opp elevar som har behov for ekstra støtte?*
- *I kva grad sett skolen på eit tidleg tidspunkt inn tiltak for elevar innanfor det allmennpedagogiske?*
- *I kva grad følger skulen dei formelle krava til enkeltvedtak, utarbeiding av IOP og årsrapport, for elevar som får spesialundervisning?*
- *I kva grad bidrar PPT i skulens førebyggjande arbeid?*

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 200 - 250 timar. Det inkluderer førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

I utvalet sitt framlegg til budsjett er det lagt inn 250 timar til kjøp av revisjonsrapportar i 2023.

Prosjektet vil bli gjennomført under leiing av oppdragsansvarleg og leiar for forvaltningsrevisjon Silje Nygård.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdere om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 08.02.23

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Etne kommune, 2023

BAKGRUNN

Alle elevar har ei lovfesta rett til tilpassa opplæring. Prinsippet om at opplæringa skal vere tilpassa den enkelte elev sine evner og føresetnader, er eitt av grunnprinsippa for undervisninga i det norske skulesystemet. Intensjonen i lova er at den tilpassa opplæringa skal gjennomførast innanfor den ordinære undervisningssituasjonen for fleirtalet av elevane. I Etne kommune sin kvalitetsplan for oppvekst (2020-2024), blir tilpassa opplæring framheva som eitt av fire prinsipp som skal vere leiande for praksisen for all opplæring i kommunen.


[Utdanningsdirektoratet](#) framhev viktigheita av at kommunen har system for å fanga opp og følgje opp elevar sine vanskar, både innanfor ramma av den ordinære opplæringa og gjennom spesialundervisning. Blir vanskane oppdaga tidleg, kan varigheita av tiltaka og konsekvensane bli avgrensa. Skulen må bruke handlingsrommet som ligg innanfor ramma av ordinær opplæring for å setje i verk tiltak som fremmer læring og førebygg vanskar. På den måte kan eit eventuelt framtidig behov for spesialundervisning bli forhindra.

Dersom tiltak innanfor ramma av ordinær opplæring likevel ikkje fører fram, og eleven ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har eleven rett på spesialundervisning. Før kommunen fattar vedtak om spesialundervisning, skal det liggja føre ei sakkunnig vurdering frå Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) som tilrår spesialundervisning.

Spesialundervisning i Etne kommune

Figuren under viser delen grunnskoleelevar med spesialundervisning i Etne, samanlikna med andre kommunar og landssnittet.

Figur 1: Del elevar i kommunale og private grunnskular med spesialundervisning, oppgitt i prosent



Kjelde: SSB

Den totale del elevar med spesialundervisning i Etne er redusert dei siste tre åra, men viser seg framleis noko høgare enn 2018-nivå. Samanlikna med Vindafjord, Tysvær og landet for elles (utan Oslo), har Etne hatt ein høgare del spesialundervisning i heile perioden.

På nasjonalt nivå aukar delen elevar med spesialundervisning utover grunnskolen – frå 4,9 prosent på barnetrinnet, 9,1 prosent på mellomtrinnet, til 9,7 prosent på ungdomstrinnet (i 2021). Dette mønsteret har vore stabilt over tid.¹ Tabellen under viser korleis delen elevar med spesialundervisning i Etne kommune er fordelt på tvers av trinna dei tre siste åra:

Tabell 1: Del elevar med spesialundervisning, trinnvis. Oppgitt i prosent.

	2019	2020	2021
1.-4.trinn	8,9	9,6	9,4
5.-7.trinn	6,7	9,6	7,5
8.-10.trinn	15,6	14,5	11,1

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Tabellen visar at delen elevar med spesialundervisning på både barnetrinn og mellomtrinn er høgare i 2021 enn i 2019, mens delen spesialundervisning på ungdomstrinnet har blitt redusert. Samanlikna med landet forøvrig, har Etne kommune ein høgare del elevar med spesialundervisning på barnetrinnet og ungdomstrinnet, men ein lågare del elevar med spesialundervisning på mellomtrinnet (i 2021).

¹ Kjelde: Utdanningsdirektoratet

I kvalitetsplanen til kommunen blir det framheva som viktig å finne ut kva barn som treng litt ekstra hjelp, og setja inn ekstra innsats så fort ein oppdagar dette. Sentralt i dette arbeidet er samarbeidet med PPT, som skal hjelpa skulane med kompetanse- og organisasjonsutvikling. Målet er å få til ei betre tilpassing i det ordinære opplæringstilbodet, slik at fleire elevar får opplæringa si gjennom ordinær undervisning.² Sentralt i dette arbeidet er tidleg innsats og førebyggjande tiltak. I kommunens årsmelding (2021) blir det likevel peika på at PPT har hatt auka etterspurnad for utgreiing og sakkunnige vurderingar. Det blir beskrive som ei utfordring å auka innsatsen for fleire elevar med vekt på å inkludere og tilpassa opplæring gjennom tiltak i det ordinære, på same tid som det er ei auke i tilvisingar av individsaker.

OPPDRAGET

At kommunen over tid har hatt ein høg del elevar med spesialundervisning, kan tyda på at elevar ikkje får rett hjelp tidleg. *Hovudfokuset* i dette prosjektet vil derfor vere retta mot korleis skulene arbeidar for at fleire elevar får opplæringa si gjennom ordinær undervisning.

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Etne kommune bestilte 14.11.2022 ein forvaltningsrevisjon om tilpassa opplæring og spesialundervisning.	<u>Problemstillingar:</u> • Korleis fungerer prosessen frå det blir avdekka at ein elev har behov for ekstra støtte, til eleven eventuelt blir tilvist til PPT? ○ Kva rutinar har skulen for å fanga opp elevar som har behov for ekstra støtte? ○ I kva grad sett skolen på eit tidleg tidspunkt inn tiltak for elevar innanfor det allmennpedagogiske? • I kva grad følger skulen dei formelle krava til enkeltvedtak, utarbeiding av IOP og årsrapport, for elevar som får spesialundervisning? • I kva grad bidrar PPT i skulens førebyggjande arbeid?
<u>Formål:</u> Formålet med prosjektet er å undersøke korleis skulane, i samarbeid med PPT, arbeider med tilpassa opplæring og spesialundervisning.	

Om datamaterialet tilseier det, kan revisor gjere mindre justeringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

² Kjelde: Årsmelding 2021, Etne kommune

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdera funn i dei undersøkingane som blir gjennomført. Kriteria skal grunngjevast i, eller bli utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet kan følgande kjelder vere aktuelle:

- Opplæringslova med forskrift
- Forvaltningslova
- Meldt. St. 2 (2016-2017) *Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skulen*
- Meld. St. 6 (2019-2020) *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO*
- Nasjonal fagleg retningslinje for *Tidleg oppdaging av utsette barn og unge*
- Rettleiaren Spesialundervisning (Utdanningsdirektoratet)
- Lokale planar og føringar

METODE

Prosjektet vil blant anna bygga på dokumentanalysar av diverse rutinar og planer på både kommune- og skulenivå. For å undersøka nærmare korleis dei to skulane i kommunen arbeider med tilpassa opplæring og spesialundervisning, vil vi gjennomføre intervju med leinga og eit utval tilsette. Vi vil òg intervju kommuneleinga og representantar frå PPT. For å undersøke korleis elevar med spesialundervisning blir følgde opp, vil vi foreta mappegjennomgang frå eit utval elevar med vedtak om spesialundervisning.

FREMDRIFTSPLAN

- *Førebuing og oppstart* – våren 2023
 - *Avslutting* – november 2023
- Oversending og presentasjon av rapport til møtet i kontrollutvalet 22.11.2023

Føresetnaden for framdriftsplanen er eit tett samarbeid med kommunen og andre aktuelle.

Prosjektet vil bli gjennomført under leiging av oppdragsansvarleg og leiar for forvaltningsrevisjon Silje Nygård.

OMFANG

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 200-250 timar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.02.23	03/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2022 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2022 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2022

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2022 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2022 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 08.02.23

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I ETNE



ÅRSMELDING 2022

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2022.

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstiller til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMENE I UTVALET

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Tollef Rullestad (Ap)
Nestleiar	Ragni Sunniva Fett (V)
Medlem	Kjetil Winterthun (Frp)
Medlem	Øyvind Kaldheim (Krf)
Medlem	Nina Vierdal Vee (Sp)

Varamedlemmer

1. Andreas Grumheden (Ap)
2. Wenche I. S. Drange (H)
3. Gunnar S. Løhaugen (Sp)

Utvallsleiar Rullestad er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Wenche Irene Strand Drange erstatta Solveig Hetleflåt som 2. vara etter vedtak i kommunestyret 22.02.22.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har delteke på eit av møta.

Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Kommunedirektøren eller andre frå administrasjonen har vore til stades på alle fire møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2022

Kontrollutvalet har i 2022 hatt **4** møte fordelt på to om våren og to om hausten. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held møta på tinghuset.

Utvalet har hatt **27** saker til handsaming, kor **4** saker blei sendt til kommunestyret. **39** saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Tollef Rullestad deltok på folkevaldopplæring på Solstrand hotell 14. – 15. februar og på fagkonferanse til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i 8. – 9. juni på Kløfta.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegnar, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 23.05.25, sak 11/22 kommunen sin årsrekneskap for 2021 til handsaming.

Årsrekneskapen viste eit netto driftsresultat med 9,2 mill. kr, som utgjer 2,3 % av driftsinntektene. Dette er høgare enn anbefalt nivå på 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert revisjonsmelding med merknader. Utvalet vedtok å be administrasjonen om ei oppfølging av merknadane.

Utvalet handsama administrasjonen si tilbakemelding på revisor sine merknader i møtet 14.11.22, sak 23/22.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 blei utarbeida i 2020, og var basert på ein Risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen, etter innstilling frå kontrollutvalet, i møtet 27.10.20, sak 56/20.

Rogaland Revisjon sin forvaltningsrevisjonsrapport om «Kontrakts- og leverandør oppfølging» blei lagt fram for kontrollutvalet i november og kommunestyret 12.12.22, sak 76/22. Revisor hadde peika på fleire forbetringsspunkt, som var sett opp i tri tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til ni månader. Tilbakemelding er venta hausten 2023.

Oppfølging av rapporten om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) blei handsama av utvalet i februar, og av kommunestyret 22.02.22

Kontrollutvalet valde i novembermøtet «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» som nytt prosjekt for levering i 2023.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll.

Planen for 2020-2024 og retningslinjene for eigarskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møtet 27.10.20, sak 55/20.

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2022.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har vore kommunen sin revisor sidan 01.07.21, med Tore Kristensen som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor.

Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 10.06.21, sak 25/21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimisrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon kom med si uttale for rekneskapsåret 2021 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen, og attestasjonen var utan atterhald eller merknader.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

Utvalet vedtok ein plan for orienteringar frå administrasjonen i mai 2020. Denne planen blei oppdatert i februar og blei følgt opp i 2022.

Øyane ASVO orienterte om selskapet i februar. I mai orienterte økonomisjefen. Kommunedirektøren orienterte om velferdsteknologi og arkivsystem i september. I november orienterte kommunedirektøren om status i barnevernet.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2022.

TENESTE 1100	REGNSKAP 2021	BUDSJETT 2022 (utvalet)	REKNESKAP 2022
Godtgjersle og driftsutgifter	35 604	106 000	74 999
Revisjonstenester	596 280	689 000	862 045
Sekretariatstenester	189 200	195 000	195 000
Sum utgifter (eks.mva.)	821 084	990 000	1 132 044

Kontrollutvalet handsama hausten 2022 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2023. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 025 000.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Ståle Tungesvik valt medlem i representantskapet med Trude Enge som varamedlem. Tungesvik deltok på representantskapsmøte 25.04.22

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2022 har vore som planlagt. Rekneskapen for 2021 blei handsama i mai. Forvaltningsrevisjonsrapport om «Kontrakts og leverandør-oppfølgning» blei handsama av utvalet og kommunestyret på hausten.

Rapportane om «Trygt og godt skulemiljø» og «Forum for oppvekst i Sunnhordland» har blitt følgt opp. Neste prosjekt er valt og vil handle om «Tilpassa opplæring og spesialundervisning».

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Etne, 15. februar 2023

Ragni Sunniva Fett

Tollef Rullestad
Leiar

Nina Vierdal Vee

Kjetil Winterthun

Øyvind Kaldheim

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/22 Godkjenning av protokoll frå møte 08.11.21
- 02/22 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Forum for oppvekst i Sunnhordland» (FOS)
- 03/22 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt - «Kontrakts- og leverandøroppfølging»
- 04/22 Revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar – forenkla etterlevingskontroll for 2021
- 05/22 Plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap
- 06/22 Kontrollutvalet sin årsplan for 2022
- 07/22 Kontrollutvalet si årsmelding for 2021
- 08/22 Referat- og orienteringssaker 07.02.22

- 09/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 07.02.22
- 10/22 Øyane ASVO AS - orientering om selskapet
- 11/22 Uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2021
- 12/22 Forenkla etterlevingskontroll for 2021 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga
- 13/22 Referat- og orienteringssaker 23.05.22

- 14/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.05.22
- 15/22 Orientering frå kommunedirektøren om velferdsteknologi og om arkivsystem
- 16/22 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Trygt og godt skulemiljø»
- 17/22 Revisor si egenerklæring for 2022
